



Protokoll årsmøte Tekna Avdeling Årdal

Tid: 10.01.24 klokka 18.45

Til stades: 16 medlemmar frå Tekna Årdal Avdeling

Referent: Ane Johnsgaard

Årsmøtet var vedtaksdyktig.

Dagsorden

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden
2. Val av ordstyrar
3. Val av referent og to til å underteikne protokoll
4. Årsmelding 2023
5. Årsregnskap 2023
6. Revisor sin beretning
7. Forslag til vedtak om samanslåing av Tekna Årdal avdeling og Tekna Sogn og Fjordane avdeling. **Møte avsluttast her ved fleirtal**
8. Prioriterte oppgåver 2024
9. Fastsetting av avdelingskontingent for 2024
10. Budsjett 2024
11. Vedtektsendringar
12. Innkomne saker
13. Val av styre, revisor og valkomité
14. Eventuelt

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden

E-post med invitasjon til Årsmøte og påmelding på Tekna si heimeside, organisert av Ellen Hauge, Tekna Vestland. Årsmøte vart publisert på heimesida 29. november og sakspapira blei sendt ut 20. desember.

Innkalling og sakliste vart godkjent av møtet ved akklamasjon.

2. Val av ordstyrar

Eirik Hjertenæs vart foreslått og godkjent som ordstyrar.

3. Val av referent og to til å underteikne protokoll

Ane Johnsgaard vart foreslått og godkjent som referent.

Nils Reed og Erlend Ese vart foreslått til å skrive under protokollen. Dette blei godkjent av Årsmøtet ved akklamasjon.

4. Årsmelding 2023

Leiar Sindre Gylver orienterte Årsmøtet om følgande:

Per 31.12.2023 hadde Tekna Årdal avdeling 87 medlemmar, mot 93 året før. Omtrent 25% av avdelinga sine medlemmer er kvinner.

Styret 2023 har bestått av følgande

Leiar: Sindre Engzelius Gylver

Nestleiar: Andrea Tuveri

Kasserar: Peder Langsholt Holmqvist

Styremedlem: Ane Johnsgaard

Styremedlem: Anika Rabak

Det har vorte gjennomført 5 styremøte, der eit av desse føregjekk digital. I tillegg har det vore eit felles møte saman med Tekna Sogn og Fjordane for å styrke samarbeidet og diskutere eventuell samanslåing.

Peder Holmqvist deltok på Tekna sitt R-møte i juni. Sindre og Peder deltok på avdelingssamlinga som i februar, og Sindre deltok på avdelingsutvalsmøte i oktober.

Valnemnd: Frank Øvstetun, Martin Walderhaug og Maria Angeltveit

Revisor: Trond Brandvik

Gjennomgang av aktivitetar 2023

Det har vore gjennomført 4 arrangement i Tekna-regi i 2023. Eit på våren, og tre på hausten.

- Årsmøte ble arrangert 24.01.2023 med 15 påmeldte.
- Kurs i "Korleis nå ambisiøse mål" blei diverre avlyst grunna få påmeldte.
- Orienteringskurs 17.08 hadde 3 deltakare
- Fjordcruise blei også avlyst på grunn av for få påmeldte.
- Fysisk samling kor vi følgde Ingvild Tennfjords "Peiling til vin til kos" hadde 17 påmeldte.
- Kurset "Effektivitet og tidsstyring" vert arrangert 18.10 med 11 påmeldte.

Medlemmar i vår avdeling har også blitt invitert på arrangement i Kaupanger i regi av Tekna Sogn og Fjordane.

Styret meiner at det har vore litt lavt oppmøte dette året det saknast meir deltaking frå ein større del av medlemsmassen. Ein årsak kan vere mykje tenestereiser.

Anna

Styret fekk mandat til å bestemme kva som skulle skje med projektoren. Denne vert gjeve vekk til Gamleskulen.

Styret har søkt og fått innvilga samfunnsmidlar til Teknologiveka 2024, noko som er gledeleg. Dette arrangementet skal inspirere elever til å velje realfag på vidaregåande, og vise arbeidsmoglegheitene ein har i Årdal med ein slik kompetanse.

5. Årsregnskap 2023

Årsregnskap blei presentert av kasserar Peder Langsholt Holmqvist. Hovudinntekta var avdelingskontigent. Det meste av utgiftene gjekk til vinkurset. Budsjettet gjekk i pluss, sjølv om det var budsjettert for underskot, På grunn av avlyste arrangement. Renteinntekter ikkje med, då regnskapet er fram til 11.12.2023.

Årsregnskap Tekna Årdal 2023

	Regnskap 01.01. -	
Inntekter	11.12.2023	Regnskap 2022
<u>Avdelingskontigent</u>	13,765.00 kr	16,329.00 kr
Egenandel kurs	4,100.00 kr	13,450.00 kr
Andre inntekter	60.00 kr	0.00 kr
Renter	0.00 kr	0.00 kr
Sum Inntekter	17,925.00 kr	29,779.00 kr
Kostnader		
Møter	590.80 kr	416.56 kr
Vinkurs	9,384.88 kr	21,093.99 kr
Andre kurs	0.00 kr	16,152.00 kr
Fellesarrangementer	711.14 kr	261.53 kr
Bankkostnader	30.00 kr	160.00 kr
Sum kostnader	10,716.82 kr	38,084.08 kr
Resultat	7,208.18 kr	-8,305.08 kr
	Saldo 11.12.2023	Saldo utg. 2022
	96,301.74 kr	89,093.56 kr

Årsregnskapet vart godkjent av årsmøtet ved akklamasjon.

6. Revisor sin beretning

Revisor Trond Brandvik har funnet alt til å vere i ordren.

7. Forslag til vedtak om samanslåing av Tekna Årdal avdeling og Tekna Sogn og Fjordane avdeling

Bakgrunn for saka:

- Det har vore fleire utfordringar i Årdal det siste året
 - Fleire arrangement har blitt avlyst i år grunna for få påmeldte
 - Det har vore vanskeleg å rekruttere styre, og sikra kontinuitet
 - Styret gjenspeglar ikkje medlemsmassen vår
 - Utfordrande å tenke langsiktig
- At me er ein liten avdeling kan vere ei årsak til noko av desse problema

Saka har vore ute på høyring:

- Fem tilbakemeldingar på mail, der fire var negative og ein positiv
- Ein uformell anonym undersøking blei også sendt ut, men her var det vanskeleg, då konkludere då det var mogleg å sende inn fleire tilbakemeldingar

Styret meiner å slå seg saman med Sogn og Fjordane er fornuftig.

Det blei gjennomført skriftleg stemming over om avdelinga skal leggest ned eller ikkje. Dette vil krevje 2/3 fleirtal. Deretter vil det krevje eit ekstraordinært årsmøte. Ved å stemme nei er ein imot samanslåinga. Også mogleg å stemme blankt.

Saken vart diskutert før avstemminga:

- Valkomiteen kom med saksopplysning på deira arbeid med å kome med innstilling til nytt styre. Dei har sørga for eit betre mangfald i foreslått styre. Valkomiteen har stor tru på det nye styret, og ønskjer å gje det eventuelle nye styret moglegheita.
- Det kom spørsmål til ulemper med ei eventuell samanslåing. Risikoen til å bli overkøyrte etter ein eventuell samanslåing blei diskutert. Vidare spørsmål til kor lenge den skisserte avtalen har varigheit. Det er ingen fastsett varigheit.
- Kom vidare spørsmål til korleis Tekna Avdeling Sogn og Fjordane avheld sine møter. Dette vert gjennomført som ein blanding mellom digitalt og fysisk. Årsmøtet vert i Førde.
- Kom innspel om at det vil vere lettare å få ting til dersom ein har lokalt styre og lokalt engasjement.
- Vart også poengtert at det fortsett vil vere avhengig av ein lokal gjeng til å sørge for dei lokale, sosiale aktivitetane.
- Kom også kommentar om at det ikkje er noko nytt problem å rekruttere til styret i Tekna Årdal.
- Valkomiteen tilføyde vidare at dei har stått på for å imøtekomme dei utfordringane som har vore. Etter ein kom fram til dei riktige kandidatane, har desse vore positive. Har på den måten ikkje vore vanskeleg å få fylt verva i år.
- Hjartesukk frå leiar: styret ønskjer å arrangere ting som folk vil delta på. Får heller ikkje noko særleg tilbakemeldingar. Håpar difor at ein som medlem kan komme med tilbakemeldingar for kvifor ein også ikkje ønskjer å delta.

Stemminga vart gjennomført. Ordstyrar telte opp. Kontrollert av møtedeltakar.

Resultat av avstemming: JA – 3 stemmer. NEI – 13 stemmer.

Tekna Årdal Avdeling består dermed som eiga avdeling.

8. Prioritere oppgåver 2024

Kurs og aktivitetar

- Tekna Årdal avdeling skal framleis vere ein aktiv bidragsytar for å skape sosiale nettverk blant våre medlemmar i Årdal.
- Styret skal bruke dei digitale arrangementa (digitale quizar, “peiling på”-kursa og andre relevante arrangement) for å arrangere fysiske samlingar.
- Det skal vere eit øl/vin/ciderkurs i løpet av 2024.
- Så langt det let seg gjere skal også ikkje-medlemmar bli invitert, men med (ein større) eigenandel, om relevant.
- Tekna Årdal skal vere ein aktiv bidragsytar i Teknologiveka 2024.

Samarbeid med Tekna Sogn og Fjordane avdeling

- Aktivitet i 2024 skal koordinerast med Tekna Sogn og Fjordane (SF) avdeling, for å unngå kræsje på datoar og tematikk og dermed sikre eit så godt tilbod som mogleg for alle medlemmar i distriktet.
- Tekna Årdal inviterar Tekna SF på sine arrangement, og dei inviterer Årdal på arrangement i Sogndal/Kaupanger.

Styrearbeid

- Teams for tillitsvalte er utvikla som et verktøy som avdelingane. Styret skal i større grad bruke dette verktøyet for dokumentlagring og kommunikasjon.
- Vedtektene bør reviderast og kven som innstiller styre/valnemnd/revisor bør bli presisert

Det kom innspel frå Årsmøtet om at ein ønskjer å gjennomføre vinkurset tidlegare på året.

Kommentar om ein mogleg kandidat for ciderkurs. Kanskje skal ein gå for noko anna enn vin i år? Dersom det vert vinkurs, ønskjer ein eit tema på kurset.

Handlingsplan vart godkjent av Årsmøtet ved akklamasjon.

9. Fastsetting av avdelingskontigent for 2024

Styret forslø å halde kontigente uendra på 210 kroner for 2024.

Kontigenten godkjennast av årsmøtet.

10. Budsjett 2024

Budsjett 2024 vart presentert av kasserar Peder. Utgifter er justert etter inflasjon frå 2023.

Presiserer at det er rom for å gå i større underskot.

Budsjettet var godkjent av Årsmøtet ved akklamasjon.

Sak 10: Budsjett 2024

Inntekter	Budsjett 2024
Avdelingskontingent	17,000.00 kr
Egenandel kurs	16,800.00 kr
Tilskudd	0
Renter	0
Sum Inntekter	33,800.00 kr
Kostnader	
Sosiale og faglige arrangementer	42,000.00 kr
Fellesarrangementer	295.00 kr
Bankkostnader	105.00 kr
Andre kostnader	1,050.00 kr
Sum kostnader	42,400.00 kr
Resultat	-8,600.00 kr

11. Vedtektsendringar

Det er ingen vedtektsendringar.

12. Innkomne saker

Det er ingen innkomne saker.

13. Val av styre, revisor og valkomité

Valkomiteen si innstilling for styre i 2024 er som under. Følgande personar har sagt seg villig til å stille til følgande verv.

Leiar: Sindre Engzelius Gylver

Nestleiar: Ane Johnsgaard

Kasserar: Peder Langsholt Holmqvist

Styremedlem: Mette Eline Hofossæter

Styremedlem: Bjarne Kapstad

Revisor: Henrik Åsheim

Valkomit : Frank  vstetun, Martin Walderhaug og Bodil Madslie

Innspel p  at ein framover b r s rge for kontinuitet i styret ved   fastsetta varigheita til medlemmane i styret, slik at ein ikkje risikera   skifte ut fire fr  styret p  eit  r. Foresl tt styre sit alle i eit  r. Styret tek med seg dette til gjennomgang av vedtekter.

Val av styre, revisor og valkomit  blei godkjent av  rsm tet ved akklamasjon.

14. Eventuelt

Innspel om   sende ut e-post til medlemmar med moglegheit for   kome med forslag til aktivitetar.

Sp rsm l om korleis ein eventuelt skal g  fram ved   omsette vedtektene til nynorsk til bokm l. Kjem fram til det m  sendast ut eit forslag minimum to veker f r neste  rsm te.

Diskusjon rundt korleis ein skal fange opp aktuelle Tekna-medlemmar som bur i  rdal, men som ikkje er medlemmar fr  f r.

Tekna er 150  r i  r, dette er ein moglegheit for   synleggjere Tekna i  rdal. D  kan me eventuelt fange opp personar som b r melda seg inn i Tekna.

Kommentar om at e-postane som g r ut fr  Tekna sentralt ikkje alltid synleggjer dei lokale arrangementa. Framover skal det g  ut e-post kvar andre torsdag, der dei lokale arrangementa skal ligge  vst.

 rdal, 10.01.2024

Underskrift:



Nils Reed



Erlend Ese